Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Agdenes

Emne: Ting til lækjedom og vern mot sjukdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva

(adresse): Fenes

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ringar.

1. Fingerringar til vern mot sjukdom eller til lækjedom veit vi ikkje av har vore brukt.

2. -

3. -

4. Serlege elektriske ringar har vi ikkje kjennskap til.

5. Større ring, til å ha kring handleddet har vore brukt inntil for omlag 5-6 år sidan. Det var „open" ring av kopar omlag 3 m.m. tjukk. Den skulde hjelpe mot gikt, og han som bar ringen sa, at han kjende ikkje gikta når ringen var på; men når han var av, var gikta ikkje til å halda ut. Ringen var ikkje jamn rund, men hadde nokre tverbøyggjar, så berre nokre små krokar låg innpå handa.



B. Armband.

6. Kjeder eller band sett saman av smådeler har visstnokk ikkje vore brukt

C. Hengesmykker.

veit vi heller ikkje av har vore brukt mot sjukdom. Men vi har høyrd (lese) om samansydde zink- og koparplatar med filt

9885

eller ty imillom og at desse plater da
skulde hjelpe mot gikt.

D. Belter.

10. Belter av kopar- og zinkplater, væta i eddik
har vi höyrd tale om, men dei har vistnokk
ikkje vore brukt her.

11. Dei skulde kallast elektrisk belte eller også
giktbelte.

12. Men virkeleg elektrisk belte har vore i bruk.
„Det var ein mann her som hadde fælande
vondt i ryggen, og han kjöpte da eit elektrisk
belte – det var kring åra 1920 –. Sjölve
beltet var av bomullsty og noko breidt, og
i det var eit elektrisk batteri, omlag som
eit 3.5 v. lommelyktbatteri. Vidare var på
innsida festa runde plater av eit slags
metal på storleik som ein femöre, ~~som~~
fire stykker, som kom til å ligge på kroppen
omlag under bukseseleknappan', 2 frampå
magen og 2 på „veikryggen". Gjenom desse
platan' kom da krafta frå batteriet til
kroppen. Beltet kosta – såvidt eg hugser –
ca. 50 kroner.

Straks han fekk beltet sette han det på seg
og sette seg i ein stol for å vente på om det
skulde virke. Han hadde vel sitte og venta
eit kvarters tid, da det liksom gjekk=laust
noko frå den vonde staden i ryggen under
beltet og fór ~~[illegible]~~ i krokar som ein lyn-
stråle nedetter ryggen og heilt ut i rumpe=
beinet – slik  . Det vonde gav seg
mykje straks denne
strålen gjekk laus. Også ein gong seinare
virka det på sama måte, men ikkje så sterkt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9885

Etter dette vara det ikkje lenge, fyrr han var heilt god i ryggen og har vore det heilt til no. – Det var ikkje tvil om, at beltet hadde ters god virknad."

13. -

E. Øreringar.

14. Karfolk har brukt øreringar. Men seinare enn kring år 1920 har eg ikkje sett nokon her med øyrering.

15. Det vanlege og glatte ringar, ~~~~ undtakan i eit høve det var ei ifylling i ~~~~ nedre halvdel, tynn og gjennomstukke - som „filigrans-arbeid". – I dei fleste tilfelde var dei av gull eller gull-legering; men sume hadde øyreringar av bly.
Ringan' hang i eit hol i øyrelappen. Ja, kven det var som laga holet? Det måtte vel vera ein lettliva dristig ein. Fyrst klunde og kleip dei øyrelappen, så han vart nåmen, så stakk dei hol med ein syl, medan dei heldt ein reinskoren råpotet attom øyrelappen og stakk imot, så tredde dei ringen inn.
Klemskrur var ikkje brukt og vorleg heller ikkje kjendt.

16. Dei hadde i begge øyran'.

17. Ringan vart brukt mot vondt i augan' – når dei hadde varsfulle auga.

19. Når kvinnerne hadde ringa i øyran', vart det rekna som pynt, ikkje som råd mot vondt i augan'.

F. Gjusering. ?

?

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING